



Alver kommune, Plan og byggesak
plan- og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: b5684eda-e8ea-4e5c-
9d46-8b701977523c
Vår: 21/580 - 21/10270

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2021

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om bygging av fritidsbustad - gbnr 124/29 Kjeilegavlen

Tiltak: oppføring av hytte
Byggjestad: Gbnr: 124/29
Tiltakshavar: Oddgun Keilegavlen Grane
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS

Søknad om å etablere tomter vart vurdert etter jordlova i samband med handsaming av delingsaka i 2015. Vurderingane som vart gjort den gongen i høve til landbruk er gjeldande i dag og treng ikkje ny handsaming. Forvaltningspraksis er slik at når det er gitt delingsløyve frå jordlova til anna føremål gjeld ikkje lenger jordlova for det frådelte arealet. Landbruksavdelinga har ingen merknader til søknaden, men viser til dei moment som kom saksutgreiing frå 2015.

Utdrag frå hansaming i 2015:
Jordlova §12:

«*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Skal dyrka jord takst til andre føremål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova §9. Ved avgjerd av samtykke til deling skal en take omsyn til om deling legg til rette for variert og tenleg bruksstruktur, vern av arealressursane, fører til driftsmessig god løysing og om det kan føre til driftsvanskar for landbruket i området.»* Arealet som er søkt delt frå er ikkje dyrka eller dyrkbar jord. Løyve til omdisponering etter §9 er ikkje naudsynt. Deling av 1500m2 grunnlendt fastmark som skal nyttast til fritidsbusetnad fører ikkje til endring i bruksstrukturen. Arealressursane i form av areal eigna til mat- og virkesproduksjon vert ikkje råka av denne søknaden.

Ein kan tenkje seg at areal som er viktige for natur- og friluftsliv vert råka, då tomtearealet ligg innanfor funksjonell strandsone. Tomtene er plassert langt nede i denne strandsona i eit

område som ikkje er særleg synleg frå sjøen. Framfor tomteområdet ligg ein alt eksisterande fritidsbustad. Denne vil skjerme for innsyn til dei nye tomtene. Dei vert liggande bak ein del vegetasjon som står nedanfor og rundt på det bare berget. Såleis vurderer administrasjonen at omsynet til arealressursane sett frå synsstanden til natur- og friluftsføremålet, vert teke vare på.

Tiltaket råkar ikkje drifta av bruket. Dyr går ikkje på beite i dette området.

Tiltaket fører ikkje til driftsvanskar for landbruket i området. Veg til parsellane finst alt i dag og vert nytta av eksisterande fritidseigedommar. Trafikken vert truleg ikkje vesentleg auka om det kjem tre nye hytter på staden. På den bakgrunnen som er vist her, vert det rådd til å seie ja til deling slik det er søkt om, etter jordlova §12.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG